

Årsmelding for Estlandskomiteen for 2025

Året 2025 har, som dei føregåande åra, vore eit aktivt år for komiteen sitt arbeid. Komiteen har vore samansett av Aksel Lygre – leiar, Gunnvald Bjotveit – nestleiar, Randi Olsen – skrivar, Margareth Urang, Anja Beate Skullerud og Anne Margrethe Eidesvik som medlemmer. Det var med stor sorg me måtte erkjenna at Lillian Alvsvåg Jensrud, kasseraren vår, var alvorleg sjuk og måtte trekkja seg frå arbeidet i komiteen tidleg på året. Ho døydde like før ferien i 2025. Komiteen var til stades i gravferda og minnest Lillian med blomar og minneord.

Komiteen har vore samla til fem komitémøte, dei fleste i Lykling kyrkje. AU har hatt tre førebuande møte gjennom året. På saklista har stått ymse saker, der besøk frå Estland, sommarleiren og dugnadskonserteren har vore dei største sakene. Me har også drøfta korleis me skal få løfta venskapsarbeidet meir fram, mellom anna på sosiale medium. Tradisjonen tru kom det fire estlendarar på planleggingsbesøk ei helg i mars, 28.-31. Komiteen la opp til eit kjekt program for gjestene våre, og me må på nytt seia **tusen takk for at Turid Stølen og Turid Anglevik stilte opp med overnatting til gjestene våre**. Aksel Lygre var som vanleg, i kjent positiv stil, vert for besøket med måltid og husrom for planlegging. Det vart ein vellukka weekend, og spesielt kjekt var det at ungdommane våre engasjerte seg i stor grad og tok dei unge gjestene frå Estland med på sightseeing. 4. august var det tid for sommarleir. På grunn av dobbelbooking på leirstaden, vart leiren tre dagar kortare enn vanleg og gjekk frå måndag til torsdag med heimreise fredag. Av ulike omstende vart det fire gutar som deltok på leiren frå Bømlo i 2025. Leiren vart avvikla på flott vis, med bibeltimar på føremiddagen, sosiale aktivitetar om ettermiddag og fellessamling med oppsummering og takkebøn om kvelden. Aksel Lygre og Margareth Urang var med som vaksen leiarar. Dei fire deltakarane frå Bømlo var Jacob Tveit og Emil Alvsvåg frå Moster og Even Stoknes Larsen frå Lykling og Jørgen Mathisen Olafsen frå Rubbestadneset. Det neste på programmet for komiteen var dugnadskonsert. Den gjekk av stabelen laurdag 13. september i Moster kyrkje. Svanhilds orkester og Bømlo trekkspelklubb var flotte gjester på konserten, der mellom 200 og 300 publikummarar kom i kyrkja. Det var ikkje lagt opp til bllettinntakter, men kollekt ved utgangen. Det ser ut til at økonomien i komiteen er avhengig av å invitere til konsert eller eit anna arrangement for å kunna halda fram det viktige venskapsarbeidet i same grad som før. Elles har komiteen vore på besøk hos Bømlo, Lykling og Moster sokneråd for å orientera om arbeidet vårt. Me har også fått på plass ein orienteringsplan for FB-sida vår, og det kan sjå ut som at informasjonsarbeidet både retta mot kyrkjelydane og på FB har gitt resultat. Kollekten til inntekt for Estlandskomiteen sitt venskapsarbeid i kyrkjene julaftan var større enn på fleire år. Det lovar godt for arbeidet vidare. Til slutt vil me takka alle for all støtte gjennom året. Takk til dei som sponsa annonsen vår til konserten, til dei to orkesterane som stilte opp gratis på konserten, til lyd og teknisk som gjorde jobben på dugnad, til dei som bidrog med laks til middagen under estlandsbesøket, til Finnås Kraftlag som støtta sommarleiren og til alle andre som har vore til hjelp og støtte når komitemedlemmane har vore på tråden eller vendt seg direkte. Utan dykk kunne ikkje venskapsarbeidet halde fram. Tusen takk.

Me ynskjer dykk alle eit godt og fredfullt nytt år.

Dåvane 9. januar 2026

Randi Olsen, skrivar

The Estonian Committee. Yearly Report 2025.

The year 2025 has, like the earlier years, been an active year for the committee's work. The committee consists of Aksel Lygre - manager, Gunnvald Bjotveit - deputy manager, Randi Olsen - secretary, Margareth Urang, Anja Beate Skullerud and Anne Margrethe Eidesvik as members. It was with great sorrow we had to accept that Lillian Alvsvåg Jensrud, our cashier, was seriously ill and had to withdraw from the work of the committee in the beginning of the year. She died just before the vacation time in 2025. The committee was present at the funeral and remembered Lillian with flowers and words of remembrance.

The committee gathered for five committee meetings, mostly at Lykling church. The executive committee had three planning meetings throughout the year. The agenda consisted of several items whereof the visit from Estonia, the Summer Camp and the free concert were the biggest issues. We have also talked about how we can make our friendship work more known, among other possibilities as on social media. According to the tradition this year also four Estonians came for planning visit a weekend in March 28th – 31st. The committee arranged for a pleasant program for our guests, so we must also this year give many thanks to Turid Stølen and Turid Anglevik who came forward and provided with accommodation for our guests. As usual, Aksel Lygre known for his positive style, opened his home for the visitors with meals as well as accommodated for the planning meeting. It turned out to be an excellent weekend, and especially did we enjoy that our youths engaged themselves greatly by taking our young guests from Estonia for sightseeing. The time for Summer Camp started on the fourth of August. Due to double-booking at the Retreat Centre, the Camp lasted three days shorter than usual and went on from Monday to Thursday with return to Norway Friday. Because of different circumstances it ended up with four boys who participated at the Camp from Bømlo in 2025. The Camp went on very well, with Bible lessons before noon, social activities after noon and get-together with summary and thanksgiving prayer in the evening. Aksel Lygre and Margareth Urang participated as adult leaders. The four partakers from Bømlo were Jacob Tveit and Emil Alsvåg from Moster and Even Stoknes Larsen from Lykling and Jørgen Mathisen Olafsen from Rubbestadneset. The next on the program for the committee was the Charity concert. The date of the concert was the 13th of September at Moster church. Svanhild's orchestra together with Bømlo accordion club were great guests at the concert, where 200 – 300 audience members were present in the church. Rather than having to buy tickets for entering the concert, there were arranged for collection at the exit. It looks like to maintain the economy on the committee it is necessary to invite to concert or another income bringing arrangement to continue the important friendship work the same way as before. In addition, the committee has visited Bømlo, Lykling and Moster Parish Church Council to inform about our work. Also, we have been able to establish a system on our FB page,

Rekneskap Estlandskomiteen 2025

Konto	Konto (T)	Rekneskap	Totalt budsjett	Avvik
11302	Bankteneste, gebyr m.m	353,65	2 000,00	1 646,35
11401	Kunngjering, informasjonstiltak, PR	0,00	1 000,00	1 000,00
11403	Representasjon, g�aver o.l.	1 875,64	2 000,00	124,36
11501	Kurs- og rettleiingsmateriell	0,00	3 000,00	3 000,00
11505	Sommarleir i Estland	56 115,46	50 000,00	-6 115,46
11550	Transportutgifter til/fr� kurs og leirar	30 623,80	40 000,00	9 376,20
11606	Estlandskomiteen	5 106,18	14 000,00	8 893,82
11607	Estland ungdomsrepr.	0,00	15 000,00	15 000,00
11905	Anna leige	0,00	10 000,00	10 000,00
14290	Moms generell kompensasjonsordning	322,60	0,00	-322,60
14705	Sangaste kyrkjelydsarbeid	10 000,00	20 000,00	10 000,00
15500	Avsetning til bundne fond	19 200,52	0,00	-19 200,52
	Sum utgifter	123 597,85	157 000,00	33 402,15
16101	Eigenbet. tur/weekend	-11 000,00	-10 000,00	1 000,00
16102	Inntekt fr� kurs, andre arrangement	-1 350,00	0,00	1 350,00
17290	Refusjon for MVA p�l�pt i driftsrekneskapet	-322,60	0,00	322,60
18050	Tilskot fr� Den norske kyrkje	0,00	-7 000,00	-7 000,00
18601	Offer	-84 890,25	-80 000,00	4 890,25
18607	Private g�aver	-19 345,00	-20 000,00	-655,00
18609	Andre g�aver	-5 800,00	-40 000,00	-34 200,00
19000	Renteinntekter	-890,00	0,00	890,00
	Sun inntekter	-123 597,85	-157 000,00	-33 402,15